

Anne Knutsdotter

Claus Pavels Riis



➔ I refreng kan f.eks alle synge

Eg heiter Anne Knutsdotter, Kari er mi mor, og Truls han er min bror;
me bur oppå ein plass, der som ingen skulde tru at nokon kunne bu.

**Og plassen heiter Uren, Luren, Himmelturen,
Steinrøys, Steinrøys, Sveltihel!**

Ja plassen ligg så høgt, høgt oppe i ei ur tett under berge-mur;
og det er ikkje meir enn at me på simpel vis kan fø to kyr og ein gris.

**Og kyrne heiter Dagros, Fagros, gamle Fagros,
Grisen heiter Giss, Giss, Giss.**

Og heile dalen ser me der oppe fulla godt, men allting er så smått;
for folket dei er slett ikkje større enn som så, når dei der nede gå.

**Og plassen heiter Uren, Luren, Himmelturen,
Steinrøys, Steinrøys, Sveltihel!**

Om sommar'n er det moro å gå og plukke bær, i munn og neverkopp.
På stovetaket veks det to unge heggekjerr, som geita eter opp.

**Og geita heiter: Snøgga, Stygga, Lurverygga,
høna heiter: Tipp, Tipp, Tipp.**

Og vinteren kan jamt ikkje vera oss for god med frost og fok og snjo;
då kan det ofte over dei fjorten dagar gå som me ikkje folk får sjå.

**Og plassen heiter Uren, Luren, Himmelturen,
Steinrøys, Steinrøys, Sveltihel!**

Og far min han er kramkar, han strevar trottig nok
og fer så vidt omkring.

Ho mor må stelle huset, eg spinner på min rokk,
men han Truls gjer ingenting.

**Og plassen heiter Uren, Luren Himmelturen,
Steinrøys, Steinrøys, Sveltihel!**